



Ingebjørg scora mål igjen! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Damelaget til Rosendal i 4. divisjon med ein stor flokkk uskedelingar på laget held fram med suksessen oig no har dei teke fire strake singlar. Dei slo Samnanger 3-0 på bortebane tysdag. Derimot gjekk herrelaget som spelar i 5. divisjon på ein lei smell mot botnlaget Trott 1 i kveld, då dei tapte 4-3 på bortebane. Neste kamp er mot Fusa i Rosendal 5. juni.

To uskedelingar på damelaget teikna seg på scoringslista denne gongen - det var Ingebjørg Haugland og Reidun Musland. Det var Kristine Medhaug som sette inn det tredje målet.

No toppar Rosendal dametabellen med 12 poeng saman med Tertnes og Fyllingen, men har spela ein kamp mindre enn desse laga.